



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Volda kommune. Fråsegn til søknader om løyve til å byggje sju småkraftverk; Storelva, Øggardselva, Feirdalselva, Osvatnet, Osdalen, Dravlaus og Vassbakke kraftverk. Motsegn til to av dei.

Konklusjon:

Etter Fylkesmannens vurdering tilfredsstiller søknadene for Dravlaus, Vassbakke og Osdalen kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova (§ 8). For dei fire prosjekta i Høydalen (Storelva, Øggardselva, Feirdalselva og Osvatnet) synest miljøvurderingane samla sett noko svake.

Fylkesmannen fremjar motsegn i medhald av vassressurslova § 24 mot *Storelva* kraftverk pga. konflikt med anadrom laksefisk og *Øggardselva* kraftverk pga. konflikt med anadrom laksefisk, landskapsverknader og inngrepsfrie naturområde (INON). Dette må også sjåast i samanheng med den samla belastinga av inngrep i Høydalen.

Fylkesmannen rår til at ein avventar vidare behandling av *Osdalselva* kraftverk til evt. revisjon av dei eksisterande kraftanlegga er gjennomført.

Fylkesmannen vil ikkje fråå eventuell utbygging av *Feirdalselva*, *Osvatnet*, *Dravlaus* og *Vassbakke* kraftverk, men ber om at ein tar omsyn til dei enkelte merknadene.

Når mange søknader blir sendt til høyring samstundes burde det vore stilt krav til ei vurdering av samla belastning på landskap og naturmangfald (jfr.§ 10 naturmangfaldlova).

Fylkesmannen saknar også ei samla vurdering av nettførsterkingar i regionalnettet og kva konsekvensar dette vil ha, m.a. med nye kraftliner.

1. Generelt

Fylkesmannen viser til brev av 07.02.2013 der vi blir bedt om å kome med fråsegn til 14 småkraftsøknader i kommunane Volda og Ørsta. Vidare har vi i brev av 25.02.2013 fått ei

«pakke» på 6 småkraftsøknader til høyring i Vanylven kommune. Alle med høyringsfrist i mai.

Ei samla vurdering av fleire kraftverkssøknader i eit område er i samsvar med *Nye rutinar for behandling av søknader om konsesjon for småkraftverk*, NVE 21. mars 2012.

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til å vurdere prosjekta samla. Vi vil likevel peike på at dette ofte er arbeidskrevjande saker og ut frå saksmengda vil vi derfor rå NVE om ikkje å sende ut fleire «pakker» på ein gong. Vi vil også rå til at sakene blir sendt ut i ei tid på året da det er mogleg å gjennomføre synfaring i dei enkelte vassdraga før vi kjem med våre fråsegner. Dette har ikkje vore mogleg for fleire av vassdraga pga. vinter/sein vår med snø og is.

Det er særleg naturleg å sjå samla på kraftverka i Hjørundfjorden (Ørsta kommune) og i Høydalen (Volda kommune). Elles er dei restarande søknadene noko meir spreidd lokalisert. For å gjere fråsegnene meir oversiktleg har vi valt å kome med ei fråsegn (eige brev) for kvar kommune.

2. Fylkesmannens vurdering av dokumentasjonen i prosjekta

Kvaliteten på den naturfaglege dokumentasjonen i miljøvurderingane er varierende.

For søknadene i Dravlaus, Vassbakke og Osdalen er dokumentasjonen etter Fylkesmannens vurdering tilstrekkeleg til å tilfredstille krav til kunnskapsgrunnlag, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi vil likevel merke at Osdalen kraftverk vil bli liggande på ei elvestrekning som frå før er påverka av kraftutbygging. Det manglar kunnskap om før-situasjonen i vassdraget.

For dei fire prosjekta i Høydalen (Storelva, Øggardselva, Feirdalselva og Osvatnet) kan miljøvurderingane samla sett synest noko svake. Spørsmålet er derfor om saksutgreiinga tilfredsstillar kunnskapskravet i § 8 i naturmangfaldlova. Vi har ikkje kjennskap til tidlegare kartlegging av naturtypar i området. Det blir derfor feil når biologisk mangfald rapportane hevdar at det ved søk i Naturbasen kjem fram ein del opplysningar om naturtypar. Den same feilen går igjen seinare der det også er vist til tidlegare kommunal kartlegging.

Vi meiner at det er ei vanskeleg avveging om kva som er godt nok. Det kan ikkje utelukkast at det kan vere særskilte naturfaglege verdiar på artsnivå som ikkje er kjente, men samtidig kan ikkje kravet om eit best mogleg kunnskapsgrunnlag strekkast for langt. Kravet til kunnskapsgrunnlaget må i prinsippet stå i et rimelig forhold til konsekvensane for den samla tilstand for ein art, bestand eller naturtype. Vi har kommentert dette nærare for nokre av prosjekta.

Når mange av utbyggingsprosjekta ligg i same område bør NVE sette krav til ei vurdering av samla belastning på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 10. Eksisterande utbyggingar i nærområda bør også inkluderast i ei slik vurdering.

Vi vil også minne om at naturtypen *elveløp* er kome på rødlista i kategori NT (nær truga). (Elver er her definert som vassdrag med nedbørsfelt $> 10 \text{ km}^2$). Dette er knytt opp mot oppfylling av Vassdirektivets miljømål om at vassførekomsten skal ha god eller betre tilstand innan 2015/2017 (for hhv. første og andre planperiode).

Ei vurdering av *samla belastning* på landskapet burde også vore gjennomført, særleg for prosjekta i Høydalen. Dette gjeld både bortfall av vatn på utbyggingsstrekningane, men også konsekvensane av rørgater og vegbygging.

Dersom alle småkraftplanane skal realiserast trengst det nettførsterkingar i regionalnettet. Kva konsekvensar dette vil ha, med t.d. nye kraftliner er ikkje nærare omtalt, men må vere med i NVEs samla vurdering av konsekvensane ved ny kraftutbygging i området.

3. Fylkesmannens vurdering av dei fire prosjekta i Høydalen

Kort om utbyggingsforslaga

Prosjektdata	Feirdalselva	Storelva	Osvatnet	Øggardselva
Installert effekt MW	2,5	2,6	1,2	4,8
Produksjon (GWh)	7,4	7,0	5,2	13,2
Inntak kote	485	56	560	670
Stasjon/avløp kote	300	6	300	70
Slukeevne maks l/s	1624	5980	534	931
Slukeevne min l/s	81	199	27	47
Middelvassføring l/s	649	2390	267	373
Ålmenn lågvassføring l/s	28	114	8	13
Minstevassføring So l/s	82	409	0	66
Minstevassføring Vi l/s	21	138	0	12
Vassveg (meter)	1270	770	770	2600
Inntaksdam b/h	10/1	10/1,5	eksisterande	15/2 + tre dempingsmagasin
Veg inntak/påhogg (m)	410	100	400	1500 (midlertidig?)
Veg kraftstasjon (m)	70	30	70	
Overskotsmassar		-	-	?
Utbyggingspris kr/kWh	4,13	4,35	3,85	4,55
Reduksjon INON km ²	0	0	0	3.6 (sone 2)

Utbyggingsforslaga i Storelva, Øggardselva, Feirdalselva og Osvatnet ligg i Høydalen og er del av Høydalsvassdraget som munnar ut i Austefjorden. Det er frå før fleire utbyggingar og inngrep på landskap og inngrepfri natur i Høydalen og området rundt. Her kan m.a. nemnast Heideelva kraftverk og Høydal kraftverk. Det er også gitt løyve til Sætreelva kraftverk, som enno ikkje er bygt. Skal alle bli bygt vil det dermed bli 7 kraftverk i den relativt avgrensa dalen. Vidare er det vegar og fleire kraftliner gjennom dalen. For å danne seg eit bilete på den heilskaplege verknaden av nye inngrep bør også tidlegare inngrep trekkast inn.

3.1 Storelva kraftverk - motsegn

Storelva kraftverk får eit inntak på kote 56. Vassvegen på 700 m skal gravast ned langs vestsida av elva. Ein eksisterande landbruksveg blir forlenga 100 m til inntaket og til stasjonen på kote 6 er det planlagt ca. 30 m ny veg.

Biologisk mangfald

Naturtypane langs vassdraget er vurdert i eigen rapport. Det kjem fram at her er naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Dette gjeld gråor-heggeskog. Spesielt

viktige naturtypar i eit utbyggingsområde bør helst visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget.

Det går fram at livsgrunnlaget for kryptogamar (sporeplanter) nær elva blir svekka og det vil bli endringar i kantskogen. Det har elles ikkje kome fram naturfaglege opplysningar som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet og til vasslevande organismar vil vi rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva ved ei eventuell utbygging.

Det vart ikkje funne raudlisteartar langs fallstrekninga. Dette kan nok vere rett, men slik kunnskap er eit krevjande fagfelt. Vi saknar ei fagleg vurdering om det kan vere eit potensiale for raudlisteartar eller ikkje i området, som t.d. ut frå kunnskapen om vegetasjon og naturtypar. Det blir opplyst at kraftstasjonen vil bli lagt på landbruksjord og røyr gata vil gjere inngrep i engvegetasjon (beite), utan ei nærare fagleg vurdering av dette. Det er fleire viktige naturtypar knytt til landbruk og kulturlandskap som t.d. slåttemark og naturbeitemark. Det er også viktig å unngå at massedeponi, massetak og vegar kjem i konflikt med spesielt viktige naturtypar i kulturlandskapet.

Vassdragsøkologi

Planane kjem i sterk konflikt med dei ferskvassbiologiske tilhøva i denne delen av Høydalsvassdraget. Laks og sjøaure (anadrome artar) er sterkt påverka menneskeleg verksemd. Dei blir påverka av eit bredt spekter av aktivitetar som høyrer inn under ulike sektorar, t.d. kraftutbyggingar, fiskeoppdrett og forureining. Naturforvaltninga set inn ei rekkje tiltak som har til formål å redusere eller fjerne det som påvirkar anadrom laksefisk negativt.

Nedre del av Storelva (Høydalselva) inneheld anadrom fisk som karakterartar for området. Frå tidlegare er det arbeidd med å utvikle vassdraget som anadrom lokalitet ved å utbetre vandringsvegen for fisk på gytevandring frametter dalen, i ei samla lengde på 1,8 km.

Det ligg i dag føre ulik informasjon om lengda på anadrom strekning. Det lågaste anslaget er på om lag 300 m opp i elva frå munningen. Det vert hevda at biotopjusterande tiltak som skulle lette oppvandringa har endra seg etter flom og massetransport, og at tiltaka i dag ikkje lenger er funksjonelle. Det er likevel fullt mogeleg å mobilisere den øvre delen av vassdraget med omsyn til gyting og produksjon av anadrom fisk om det skulle vise seg naudsynt å utvikle nye tiltak. Synfaringa for kort tid sidan knytt til kraftverksplanane stadfester dette.

Den omsøkte regulerte elvestrekning frå inntaket på kote 56 (om lag 700 m frå munningen), til kraftstasjon på kote 6 (om lag 100 frå munningen), ligg i sin heilheit på lakseførande strekning. Ei kraftutbygging av denne typen vil gripe sterkt inn i tilhøva og føresetnadene for ei berekraftig utvikling av androme fiskebestander knytt til vassdraget. Laks, men ikkje minst sjøaure er i dag viktige artar innanfor naturforvaltning. Storelva er eit av dei få anadrome vassdraga i dette fjordlandskapet.

Eventuell kraftutbygging på anadrom strekning må også behandlast etter laks- og innlandsfisklova.

Konklusjon

Fylkesmannen fremjar motsegn til Storelva kraftverk pga konsekvensane for anadrom fisk.

3.2 Øggardselva kraftverk - motsegn

Øggardselva er eit sidevassdrag til Storelva. Frå kraftverket på kote 70 blir vassvegen graven ned til kote 200. Mellom kote 200 til 600 blir det bora tunnel og frå kote 600 til 670 blir røyret graven ned. I tillegg til inntaket er det planlagt tre dempingsmagasin, samt overføring av to bekkar. Det er skissert om lag 1,5 km nye vegar, men desse skal vere mildertidig. Det er ikkje opplyst korleis desse skal tilbakeførast.

Biologisk mangfald

I avsnittet om naturtypar og vegetasjon i kapitlet er det informert om gråorskog i nedre delar og avgrensa fuktige parti med sumpskog, men det er utan vidare konkludert med at det ikkje er viktige naturtypar i området. Naturtypane som er omtalt i DN-handbok 13 er med i boka på grunn av at dei er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Ein av naturtypane i kartleggingsboka er gråor-heggeskog med tilhøyrande utformingar og ein annan er rik sumpskog. Vi saknar såleis ei fagleg vurdering for kvifor gråorskogen og sumpskogen langs vassdraget ikkje er avgrensa og omtalt ut frå kriteria i DN si kartleggingsbok. Spesielt viktige naturtypar i eit utbyggingsområde bør helst visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget. Vi har elles merka oss at det er ein foss i nærmast fritt fall i vassdraget. Vi saknar også ei naturfagleg vurdering om vegetasjonen inn mot fossen med tanke på at ein fossesprøytsone kan vere ein viktig naturtype.

Etter rapporten vil livsgrunnlaget for kryptogamar (sporeplantar) nær elva bli svekka og det vil bli endringar i kantskogen. Det har elles ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet, men vi saknar likevel ei meir konkret naturfagleg vurdering av dette. Etter rapporten er verdien av vegetasjonen liten og konsekvensen middels negativ. Kunnskapsgrunnlaget burde ha vore betre og vi vil difor rå til at mellom anna «føre-var-prinsippet» i § 9 i naturmangfaldlova blir lagt til grunn for ei avgjerd. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi såleis rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Konsulenten fann ikkje raudlisteartar langs fallstrekninga, likevel saknar vi ei fagleg vurdering om det kan vere eit potensiale for raudlisteartar eller ikkje i området, som t.d. ut frå kunnskapen om vegetasjon og naturtypar. Det blir opplyst at kraftstasjonen vil bli lagt på landbruksjord og røygata vil gjere inngrep i engvegetasjon (beite), utan ei nærare fagleg vurdering av dette. Det er fleire viktige naturtypar knytt til landbruk og kulturlandskap som t.d. slåttemark og naturbeitemark.

Vassdragsøkologi

Som nemnt under Storelva er det tidlegare arbeidd med å utvikle Høydalsvassdraget som anadrom lokalitet, ved å utbetre vandringsvegen for fisk på gytevandring frametter hovuddalen i ei samla lengde på 1,8 km. Dette er positive tiltak for Øggardselva som delstrekning for anadrom fisk.

Den omsøkte regulerte elvestrekning i Øggardselva vil gripe negativt inn for anadrom fisk i elva, da bortfall av vatn vil råke øvre del av lakseførende strekning. Laks, men ikkje minst sjøaure er i dag viktige artar innanfor naturforvaltning. Høydalselva med sidevassdrag som Øggardselva er eit av dei få anadrome vassdraga i dette fjordlandskapet, eit vassdragsområde det er vel verdt å ta vare på som tilhaldsstad for anadrome fiskeartar. Fylkesmannen vil gå imot søknaden på dette punkt. Ved å flytte stasjonen opp til kote 90 og installere omløpsventil vil ein sikre heile den viktige gyttestrekninga.

Eventuell kraftutbygging på anadrom strekning må også behandlast etter laks- og innlandsfisklova.

INON

Tidlegare kraftutbygging og kraftliner har redusert det inngrepsfrie fjellområdet mellom Høydalen og Bjørkedalen. Det er i dag kun att eit inngrepsfritt areal (INON sone 2 (1-3 km frå inngrep)) på om lag 21 km². Utbygginga vil medføre ein ytterlegare reduksjon i dette inngrepsfrie område med 3, 6 km². Dette er svært uheldig.

Massetak og deponi

Det skal nyttast lausmassar frå elva og morenen i inntaksmagasinet. Detaljar om dette er ikkje opplyst i søknaden, men vi føreset at NVE avklarar dette gjennom detaljplanlegginga. Deponi av tunnelmassar ved påhogget er heller ikkje nærare omtalt.

Landskap

Øggardselva er eit sentralt landskapselement i nedre del av Høydalen, med eit konsentret fall mellom kote 600 og 300. Elva er godt synleg frå fleire stader. Konsekvensane av bortfall av vatn på denne strekninga er ikkje særleg godt dokumentert. Vi saknar ei betre visualisering av vassdraget med bilete som viser fallstrekninga ved ulike vassføringar tatt frå same ståstad. Vi registrerer også at i vurderinga av landskapsverknadene blir det oppgitt at ei minstevassføring om sommaren på 80 l/s er tilstrekkeleg, medan det i omtale om minstevassføring er søkt om 66 l/s.

Inntaket i Joldalen, med fleire dempingsmagasin og terskeldam, grip inn i eit urørt, ope og sårbart høg fjellsterreng. Dette er klart uheldig.

Konklusjon

Fylkesmannen reiser motsegn til Øggardselva kraftverk slik det no er omsøkt. Dette ut frå omsynet til anadrom fisk, reduksjon i inngrepsfritt naturområde (INON) og viktige landskapsverdiar. Vi rår til at ein i staden utgreier ei alternativ løysing der ein unngår anadrom strekning og der den visuelle karakteren til Øggardselva blir mindre rørt.

3.3. Feirdalselva kraftverk

Til *Feirdalselva* kraftverk vil røyrgata gå i tunnel mellom inntak på kote 485 til kote 385. Vidare vil vassvegen bli graven ned i same grøft som for Osvatnet kraftverk. Det blir 70 m ny veg til kraftstasjonen og 410 m veg til tunnelpåhogget.

Biologisk mangfald

I rapporten er naturtypene langs vassdraget vurdert og det kjem fram at her er naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Det gjeld bjørkeskog med høgstaudar og

truleg naturtypen gamal lauvskog. Spesielt viktige naturtypar i eit utbyggingsområde bør helst visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget.

Etter rapporten vil livsgrunnlaget for kryptogamar (sporeplanter) nær elva bli svekka og det vil bli endringar i kantskogen. Det har elles ikkje kome fram naturfaglege opplysningar som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet, men vi saknar likevel ei meir konkret naturfagleg vurdering av dette. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Det er opplyst at konsulenten ikkje fann raudlisteartar langs fallstrekninga eller i influensområdet og at det er lite sannsynleg at det er sjeldne og raudlista kryptogamar i området. Vi saknar likevel ei nærmare fagleg vurdering om kvifor potensialet for raudlisteartar, som til dømes ut frå kunnskapen om vegetasjonen og naturtypar eller anna, er lite i området.

Det er uheldig at graving og nedlegging av røyr og etablering av vegar vil føre til inngrep i bjørkeskog med høgstaudar. Vi vil i den samanheng merke at naturtypane som er omtalt i DN-handbok 13 i utgangspunktet er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Vi vil også merke at det ikkje er informert om vegetasjonen i stasjonsområdet medrekna massetak/massedeponi.

Vassdragsøkologi

Dei ferskvassøkologiske tilhøva i avsnittet Stilla-Kroken er viktige i denne delen av Feirdalselva. Her renn elva i stille loner gjennom vakkert landskap med myr, småskog og store furutrær. Dei omsøkte planane for kraftreguleringa grip ikkje vesentleg inn i desse kvalitetane ved at kraftstasjonen vert lokalisert oppstraums, noko som sikrar at dei samla vassmengdene i Stilla-Kroken er i tråd med dei naturgjeve tilhøva. På regulert strekning oppstrøms stasjonen mot Feirdalsfossen renn elvevatnet gjennom storsteinet og turbulente område. Den siste delen av fallstrekninga ned mot kraftstasjonsområdet er den viktigaste delstrekninga som óg står i direkte kontakt med loneasvnittet nedanfor kraftstasjonen. Ei minstervassføring på regulert strekning vil sikre at elveøkosystemet i denne delen av Feirdalselva vil kunne fungere og i godt samvirke med Stilla-Kroken området.

Landskap

Feirdalsfossen er eit tydeleg landskapselement som vil få redusert vassføring. Fossen ligg likevel relativt skjerma til og har ikkje innsyn frå større deler av dalen. Ei 132kV høgspenning kjem ned Feirdalen og kryssar fossen. Den reduserer landskapsopplevinga i dag. Landskapsmessig sett vil det vere gunstig med ei lokalisering av kraftstasjonen noe lenger tilbake frå den meandrerande elva og myrområda ved Stilla-Kroken. Dette bør vurderast.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Ut frå ei totalvurdering kan vi akseptere utbygging av Feirdalselva kraftverk.

3.4. Osvatnet kraftverk

For *Osvatnet* kraftverk er det planlagt vassveg på 1240 m. Røyr gata vil bli graven ned frå inntaket til kote 555, vidare i tunnel til kote 375 og til slutt graven ned fram til stasjonen på kote 300. Det er planlagt 70 m veg til stasjonen (som for Feirdalselva) og 400 m ny veg til tunnelpåhogget.

Våre vurderingar av biologisk mangfald er dei same som for Feirdalselva. Landskapsmessig er dette eit vassdrag som for ein stor del renn i storsteinet ur og dermed er lite synleg på utbyggingsstrekninga. Landskapsmessig sett vil ei lokalisering av kraftstasjonen noe lenger tilbake frå den meandrerande elva og myrområda ved Stilla-Kroken vere gunstig. Dette bør vurderast.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Ut frå ei totalvurdering kan vi akseptere utbygging av *Osvatnet* kraftverk.

4. Fylkesmannens vurdering av Dravlaus, Vassbakke og Osdalen kraftverk

Dravlaus ligg ute i Dalsfjorden og Vassbakke i Vassbakkedalen sør for Dalsfjorden. I dette området er det frå før fire kraftverk (Åmela, Dale, Eidset og Steinsvik) og eit fjerde under planlegging (Furneselva). I Vassbakkedalen har det også vore olivinutvinning som har sett sitt preg på området.

Osdalen kraftverk ligg i Austefjordvassdraget (Mørevassdraget). Her har det vore kraftproduksjon sidan tidleg på 1920-talet. Det er kraftverka i Kopa og Kalfossen, og av nyare dato finn ein Kviven og Sundal kraftverk.

Kort om utbyggingsforslaga

Prosjektdata	Dravlaus	Vassbakke	Osdalen
Installert effekt MW	4,3	1,25	4,1
Produksjon (GWh)	15,4	4,0	16,8
Inntak kote	265	200	364
Stasjon/avløp kote	20	55	186
Slukeevne maks l/s	2100	1000	3000
Slukeevne min l/s	80	40	100
Middelvassføring l/s	1190	571	1320
Ålmann lågvassføring l/s	60	26	15
Minstevassføring So l/s	60	25	27
Minstevassføring Vi l/s	60	25	12
Vassveg (meter)	2900	730	1880
Inntaksdam b/h	15/1	10/2	35/2,5
Veg inntak (m)	350	730	70
Veg kraftstasjon (m)	20	50 +	100
Overskotsmassar			0
Utbyggingspris kr/kWh	2,41	3,75	3,96
Reduksjon INON km ²	0	0	0

4.1. Dravlaus kraftverk

For Dravlaus kraftverk er det planlagt vassveg på 2900 m. Røyrret vil bli graven ned frå inntaket på kote 265 til stasjonen på kote 20. Det er planlagt 350 m veg til inntaket frå eksisterande stølsveg og 20 m veg fram til stasjonen.

Biologisk mangfald

Vi har merka oss at rapporten frå 2007 konkluderte med at det ikkje var verdfulle naturtypar i planområdet. Denne saka viser at den faglege forskjellen mellom konsulentane kan vere stor.

Rapporten frå 2012 gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld elles ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. Firmaet er dyktige i sine faglege vurderingar knytt til funna av ulike artar samt naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. I den samanheng er det til stor nytte for oss at dei spesielt registrerte naturtypane er kartfesta og til og med skildra etter malen som vert brukt ved kartlegging av biologisk mangfald etter DN-handbok 13. Den første rapporten fanga ikkje opp dei terrestriske naturtypane i og langs vassdraget som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet.

Etter rapporten er det kartlagt 3 naturtypar. To med verdi C (lokalt viktig) og ei viktig bekkekløft med verdi B og som tiltaket vil få middels negativ innverknad på. Desse områda er no på plass i www.naturbase.no. Det er ikkje funne sjeldne artar, men fuktkrevjande lav- og moseartar vil etter kvart bli erstatta av tørketålande artar.

Vi vil merke at det ikkje er gjort ei botanisk vurdering i tillegg rapporten når det gjeld naturinngrep som til dømes røyrgata.

Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva. Ein bør vurdere om den føreslåtte minstevassføringa skal aukast tilsvarande 5-persentilen sommar og vinter.

Vassdragsøkologi

Dravlauselva har ei kort lakseførande strekning. Kraftstasjonen er planlagt lokalisert der dei naturgjevne tilhøva set stopp for anadrom fisk på vandring opp elva. Plassering av kraftstasjonen tek såleis omsyn til ferskvassøkologiske tilhøve i den anadrome delen av vassdraget. I tillegg skal stasjonen ha automatisk omløpsventil for å sikre naturleg vassføring i nedre del av Dravlauselva ved utfall av stasjonen. Omsøkte planar om kraftverk legg difor opp til at dei økologiske- og fiskeribiologiske tilhøva i anadrom del av vassdraget ikkje skal endrast samanlikna med tilhøva i dag.

Omsøkte planar vil imidlertid føre til endringar av dei ferskvassøkologiske tilhøva på strekninga frå kraftverket til inntaket ved stølsområdet. For å redusere omfanget av skade i dette elveavsnittet vert det i planane føreslege ei minstevassføring på 60 l/s. Vi er usikker på om dette er tilstrekkeleg for at aktuelle artar kan få oppfylt sine minimumsbehov knytt til livssyklus i denne delen av vassdraget. Ei minstevassføring lik 5-persentilen må vurderast.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap og friluftsliv

Det går veg på begge sider av vassdraget opp til stølsområdet ovanfor inntaket. Vassdraget er lite synleg i landskapet. Området er i hovudsak nytta som utfartsområde for lokalbefolkninga og vi kjenner ikkje til andre friluftslivinteresser her. Utbygginga vil derfor neppe ha vesentlege konsekvensar for landskap og friluftsliv. Vi vil likevel rå til at ein

vurderer å auke avstanden mellom stølsområdet/hyttene ved å trekke inntaket noko lenger ned.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Ut frå ei samla vurdering kan vi tilrå søknaden, men ber om at minstevassføringa blir auka.

4.2. Vassbakke kraftverk

For Vassbakke kraftverk er det planlagt vassveg på 730 m. Røyret vil bli graven ned frå inntaket på kote 200 til stasjonen på kote 55. Det blir etablert veg oppå røyret. Den skal seinare nyttast til å ta ut skog til vedproduksjon. Frå kraftstasjonen blir det 50 m ny veg, samt bru over elva. Vidare blir eksisterande traktorveg opprusta fram til anleggsvegen til olivinbrotet.

Biologisk mangfald

Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ei fyldig skildring av vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. For eit forvaltningsorgan kan det likevel i saker som dette vere ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for vegetasjonen langs vassdraget. Det er opplyst at det er ein del gråor-heggeskog i utbyggingsområdet. Naturtypane som er omtala i DN-handbok 13 er med i boka på grunn av at dei er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. I rapporten går det fram at gråor-heggeskogen ikkje er vurdert til å ha kvalitetar av ein slik verdi at det er aktuelt å avgrense han som nokon naturtypelokalitet. Vi saknar ei fagleg grunngeving for denne konklusjonen. Aktuelle naturtypar i eit utbyggingsområde bør visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget.

Av rapporten har vi elles merka oss at det er påvist eit femtital ulike artar av mosar. Dette er eit høgt tal samanlikna med den kunnskapen som ein elles har om andre vassdragsområde i regionen. Det er også spesielt at den svært fuktkevjande arten hinnebregne vart registrert meir eller mindre langs heile den aktuelle elvestrekninga. Sjølv om arten ikkje lenger er raudlista, er han ut frå kjent kunnskap tross alt sjeldan langs vassdraga i Møre og Romsdal. I Vassbakkedalen har arten ein av sine rikaste førekomstar på Sunnmøre og utbreiinga minkar når ein kjem lenger nord i fylket. Stort sett veks han ikkje lenger nord enn til Møre og Romsdal. (Kjelde Artskart). Med bakgrunn i dette saknar vi ei nærmare vurdering av det som er spesielt for dette vassdragsområdet og som mellom anna burde kome fram i den samla vurderinga og vurderinga av usikkerheit i omfang og konsekvens.

Det har likevel ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet, men ein del er usikkert. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi difor rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Vassdragsøkologi

Tidlegare gikk det anadrom fisk opp i Vassbakkevatnet og vidare innover i dalbotnen. I samband med etablering av settefiskanlegg i Steinsvika vart det bygt ein terskel i vatnet og fiskens vandring frå Steinsvikelva til Vassbakkevatnet vart stansa. Settefiskanlegget har i ny konsesjon fått løyve til framleis å ha terskel i vatnet. I samband med dette fikk Fylkesmannen fullmakt til å pålegge at det blir etablert fisketrapp. Pålegget er no gitt og vi føreset at trappa blir snarleg bygt.

Ein føresetnad for å lukkast med å reetablere anadrome bestandar i vassdraget er tilgang på gyte- og produksjonsstrekningar oppstrøms Vassbakkvatnet. Her finn vi elveavsnitta mellom Vassbakkvatnet og Fremstevatnet og oppstrøms Fremstevatnet gjennom Løkjene og vidare.

Planlagt lokalitet for Vassbakke kraftverk oppstrøms Løkjene ligg på opphavleg lakseførande strekning. Det er viktig at øvre lakseførande strekning blir minst mogleg påverka. Det vil derfor vere avgjerande for fiskeribiologiske tilhøve og framtidige produksjon av androm fisk oppstrøms Fremstevatnet, at kraftstasjonen vert bygd så langt oppstrøms Fremstevatn og Løkjene som mogleg. Dette vil kome heile lakseførande strekning ned til utløpet i fjorden til gode. Vidare må det vere tilstrekkeleg minstevassføring som best mogeleg sikrar livstilhøva i elva på regulert strekning oppstrøms stasjonen.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova

Landskap

Olivinbrotet dominerer landskapsbiletet i Vassbakkedalen i dag. Ser ein bort frå dette utgjer likevel strekninga frå Fremstevatnet via Løkjene til Støylen eit vakkert landskapsområde. Det må takast særlege omsyn ved framføring/opprusting av vegen i dette området.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Ut frå ei samla vurdering kan vi tilrå søknaden, men ber om at ein trekk kraftverket så langt tilbake som mogleg slik at anadrom strekning ikkje blir skadelidande. Det må vidare takast særlege omsyn til kulturlandskapet ved vegbygging i området.

4.3. Osdalen kraftverk

For Osdalen kraftverk er det planlagt vassveg på 1880 m. Røyrret vil bli graven ned frå inntaket på kote 363,5 til stasjonen på kote 186. Det blir etablert midlertidig veg langs røyrtraséen. Frå Fv. 42 blir det 100 m ny veg til kraftstasjonen og 70 m veg til inntaket.

Biologisk mangfald

Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ei fyldig skildring av vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. For eit forvaltningsorgan kan det likevel i saker som dette vere ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for den naturlege vegetasjonen langs vassdraget. Det ikkje registrert naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet etter kriteria i DN-handbok 13. Det har heller ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi likevel rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Vassdragsøkologi

Planane ligg i eit vassdrag allereie sterkt påverka av eldre kraftregulering, lett synleg i Grøndalsvatnet oppstrøms og Osdalsvatnet nedstrøms tiltaksstrekninga. Desse reguleringsinngrepa står i samband med Kopa og Kolfossen kraftverk lenger nede i vassdraget.

Ved etablering av eit nytt kraftverk i Osdalselva er det vanskeleg å vurdere korleis samvirke mellom anlegga vil finne stad og kva verknader dei i sum vil ha på dei vassdragsøkologiske tilhøva. Vi gjer difor framlegg om sjå tida an og vente på evt. gjennomføring av Osdalen kraftverk til etter revisjon av eksisterande kraftanlegg. Den prosessen vil gje oss fleire handfaste punkt i vurderinga av effektane av enda eit kraftverk i vassdraget.

Vi viser også til merknadene frå Vassregionmyndigheita (fylkeskommunen) om moglege tiltak for å betre tilstanden i m.a. Austefjordvassdraget og at dette må samordnast med konsesjonsbehandling av kraftutbyggingssøknaden.

Konklusjon

Osdalselva er alt sterkt påverka av tidlegare kraftutbygging. Fylkesmannen vil rå til at ein avventar ei vidare behandling av Osdalen kraftverk til det evt. er gjennomført ein prosess som kan avklare kva miljøvinstar ein kan oppnå ved ein revisjon av dei gjeldande konsesjonsvilkåra, og i kva grad ei ny utbygging er i samsvar med dette.

5. Oppsummering

Etter Fylkesmannens vurdering tilfredsstillar søknadene for Dravlaus, Vassbakke og Osdalen kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova (§ 8). For dei fire prosjekta i Høydalen synest miljøvurderingane samla sett noko svake.

Fylkesmannen fremjar motsegn i medhald av vassressurslova § 24 mot *Storelva* kraftverk pga. konflikt med anadrom laksefisk og *Øggardselva* kraftverk pga. konflikt med anadrom laksefisk, landskapsverknader og inngrepsfrie naturområde (INON). Dette må også sjåast i samanheng med den samla belastinga av inngrep i Høydalen.

Fylkesmannen rår til at ein avventar vidare behandling av *Osdalselva* kraftverk til evt. revisjon av dei eksisterande kraftanlegg er gjennomført.

Fylkesmannen motsetjer seg ikkje eventuell utbygging av *Feirdalselva*, *Osvatnet*, *Dravlaus* og *Vassbakke* kraftverk, men ber om at ein tar omsyn til ei enkelte merknadene.

Når mange søknader blir sendt til høyring samstundes burde det vore stilt krav til ei vurdering av samla belastning på landskap og naturmangfald (jfr. naturmangfaldlova § 10).

Fylkesmannen saknar også ei samla vurdering av nettforsterkingar i regionalnettet og kva konsekvensar dette vil ha, m.a. med nye kraftliner.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Lindis Nerbø
direktør miljøvernavingdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Biologisk mangfald: Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26

Vassdragsøkologi: Leif Magnus Sættem, tlf. 71 25 88 57

Kopi:

Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

Direktoratet for naturforvaltning, P.B. 5672 Sluppen, 7485 Trondheim

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde